



## Fylkesmannen i Vestland

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Vår dato: 07.10.2019  
Vår ref: 2019/15893  
  
Dykkar dato: 02.07.2019  
Dykkar ref: 201502307

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Eyvin Sølsnæs, 5764 3135

## Tilleggsmerknad til søknad om fornya reguleringskonsesjon for Svelgen I og II kraftverk i Bremanger kommune

**Fylkesmannen ber om at moglege løysingar for slepp av minstevassføring til Vingefosselva blir utgreidd. I tillegg til å vurdere slepp frå dagens magasin i Vingevatnet, ber vi om at det blir utgreidd om demninga i Vingevatnet kan flyttast til sundet aust for dagens demning, slik at restfeltet som blir att kan sikre ei minstevassføring i Vingefosselva.**

Vi viser til synfaringa 24.9.2019 og til høringsfråsegnna vår 22.9.2017.

I høringsfråsegnna foreslo vi at det skal sleppast minstevassføring i Vingefosselva, for å gjenopprette elva som ein viktig landskapselement ved helleristingsfeltet i Vingen landskapsvernområde. Kva storleik eit slikt slepp bør ha, var ikkje utgreidd i konsesjonssøknaden, og det var difor svakt fagleg grunnlag for å foreslå storleiken på minstevassføringa.

Vi konstaterer at fleire andre høringsinstansar også har foreslått minstevassføringsslepp i Vingefosselva, og korleis dette kan gjennomførast var tema undervegs på synfaringa. Eit alternativ som blei diskutert, er å flytte dammen til sundet mellom hovudmagasinet (det opphavlege Vingevatnet) og det litle vatnet der demninga ligg i dag, og som opphavleg var eit eige vatn nordvest for Vingevatnet. Dette vil sikre Vingefosselva vatn frå eit uregulert restfelt, og samstundes vil magasinet i Vingevatnet kunne manøvrerast som før, med unntak av at vasstilførselen blir noko mindre enn i dag.

Vi ber om at ei slik alternativ løysing for slepp av minstevassføring i Vingefosselva blir utgreidd. Vår førebelse vurdering er at dette truleg kan vere nok til å gi elva kvalitet som eit landskapselement, og ein naturleg dynamikk, sjølv om denne er redusert samanlikna med uregulert tilstand. Den avgrensa storleiken på både dagens dam og den føreslegne nye dammen, tilseier at dette vil kunne gjennomførast utan omfattande og kostbare tekniske tiltak. Vi reknar med at tidlegare innspel om slepp frå magasinet også blir utgreidd nærare, men vi konstaterer at tiltakshavar har nemnt at det vil vere tekniske og økonomiske utfordringar med ei slik løysing.

Eit vassføringsregime som gir tilbake ein naturleg dynamikk i Vingefosselva er eit svært viktig tiltak. Vingenfeltet er det nest største helleristingsfeltet i Noreg med meir enn 2000 ristingar. Området med det naturlege elveleiet er verna både etter naturmangfaldlova og kulturminnelova, og verdsarvstatus for området har vore diskutert lokalt og regionalt. Med unntak av elva, som er



tørrlagd utanom i sjeldne periodar med overløp, er landskapsrommet i Vingen slik det var då helleristingane vart laga. Dette er unikt. Tilførsel av vatn i Vingefosselva med naturleg dynamikk, om enn noko redusert i høve til opphavleg vasstilførsel, vil tilføre landskapet rundt lokaliteten verdiar av nasjonal verdi.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Eyvin Sølsnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

SFE PRODUKSJON AS  
Miljødirektoratet  
Bremanger kommune  
Fortidsminneseksjonen ved Universitetet i Bergen  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Postboks 104	6721	SVELGEN
Askedalen 2	6863	LEIKANGER